

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Randi Holsen Solheim
SAKA GJELD: **Årleg melding 2017 for Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2017/3714
STYRESAK: **005/2018**

STYREMØTE: **26.01.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Årleg melding 2017 for Helse Førde HF vert godkjent som den ligg føre.

Oppsummering

Årleg melding 2017 er Helse Førde sin rapport på oppfølging av mål og eigarkrav som kjem fram i «Styringsdokumentet 2017». Rapporten syner at Helse Førde leverer godt på vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som var fastsett for 2017.

Trass i ein vanskeleg økonomisk situasjon og endringar i toppleiinga, har Helse Førde levert godt når det gjeld kvalitet på tenestene i 2017. I pasientbehandling er ventetidene korte, det er få fristbrot og epikrisene blir i hovudsak leverte i samsvar med krava.

Helse Førde har gjennom driftsåret arbeidd med å realisere verksemdsmessig utviklingsplan. Merksemda har vore retta mot korleis føretaket skal dekke behovet for spesialisthelsetenester, og korleis utbygginga i Førde best kan tilpassast framtidige behov for tenester og organisering.

Fakta

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. Styringsdokumentet 2017 for Helse Førde HF kap. 7.6, stiller krav til at føretaket om tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2018. Denne meldinga inngår som grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og utgjer slik eit ledd i det samanhengande plan- og styringssystemet mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Kommentarar

Årleg melding 2017 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i Helse Førde. Meldinga synleggjer at Helse Førde HF har synt god utvikling og dermed auka kvalitet innanfor fleire sentrale områder. Førebels tal for 2017 tilseier at føretaket har nådd måla frå styringsdokumentet om «den gylne regel»: Kostnadane innan psykisk helsevern og TSB auka samla med 1,6 prosent i høve til kostnadane i 2017.

Føretaket har gjennom året hatt ein krevjande driftsøkonomi, og resultatutviklinga for driftsåret har vesentleg avvik frå målsettinga om overskot på 15 mill NOK. Det har vore arbeidd mykje med økonomiske tiltak i 2017, noko som har påverka driftsresultatet positivt.

Helse Førde har sett i gang ulike prosjekt for å redusere kostnadene, og det er forventa at ein i framtida har kostnader som mogeleggjjer gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt. Føretaket må elles også evne å skape eit godt arbeidsmiljø, prega av tillit og samarbeid. Dette er viktig for å behalde motiverte medarbeidarar, samstundes som det bidreg til eit godt omdømme.

Helse Førde har framtidfokus på å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følge opp både sentrale krav, såvel som egne styringsmål. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette. Måla og tiltaka er av langsiktig karakter, og handlar om å skape trygge og gode helsetenester for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å ta «Årleg melding 2017» til vitande, og at den vert oversend Helse Vest RHF slik den ligg føre.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2017 for Helse Førde HF